

## Referat frå rådsmøte 13. januar 2009.

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Solveig S. Abrahamsen, Olav Tho, Arne Vinje, Bjørn Nome, Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann, Jan Sebjørnsen, Kristian Torp-Hansen, Ketil Kiland, Jarle Brun Olsen.

I tillegg møtte Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling, Jostein Hamre prosjektleiar IKT i Grenlandssamarbeidet, Nina Fredin dagleg leiar ved Krisesenteret i Telemark, Nina Haugland Skien Kommune, Karin Kvålseth VTNU, Anne Midjås, Tokke kommune.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

### **Sak 01/2009 Referat frå møte 15. desember 2008.**

*Vedtak: Referat frå møte 15. desember 2008 vert godkjent. Det vart presisert at saka vedk. tilbodet frå Placement Utvikling må handsamast i kommunane og kjem opp på rådsmøtet i februar.*

### **Sak 02/2009 Krisesenteret i Telemark, brev til kommunane.**

I brev av 28. november 2008 til kommunane, orienterte Krisesenteret i Telemark om sine planar for nytt bygg. Ei realisering av det planlagte byggeprosjektet vil innebere auka kostnader for kommunane. Krisesenteret i Telemark ynskjer ei politisk handsaming i kommunane med sikte på støtte til byggeprosjektet og forpliktelsar til vidare samarbeid.

På møte orienterte dagleg leiar Nina Fredin om Krisesenteret i Telemark. Det vart m.a. orientert om finansiering, organisering, føremål og målgruppe, statistikk over bruken av senteret, tilbodet på krisesenteret og framtida for krisesenteret. Det vart understreka at krisesenteret har eit godt samarbeid med kommunane i Vest-Telemark.

Nina Haugland, prosjektleiar i Skien kommune for byggeprosjekt, orienterte om byggeprosjektet som vert lagt fram i eit skisseprosjekt i løpet av våren 2009.

Det vil kome eit nytt brev til kommunane når prosjektet er lagt fram som skisse. Då må ein ta stilling til om ein held fram med samarbeidet og i bestefall vert det byggestart våren 2010.

*Vedtak: Rådet tek orienteringa til vitande.*

### **Sak 03/2009 IKT, status i Vest-Telemark**

Rådmennane gav ein statusrapport frå samarbeidet om IKT i Vest-Telemark. Her vart det peika på at samarbeidet er godt. Det står att mykje arbeid før den etablerte programvara vert utnytta fullt ut. Det kjem nye modular og oppdateringar. Det er framleis eit kompetansebehov i kommunane og det er viktig at samarbeidet held fram. Det er viktig at ein har gode kommunale organisasjonar som er i stand til å nytte programvara fullt ut.

Det vil kome ein ytterlegare statusrapport frå kommunane på eit seinare Rådsmøte. Jostein Harm, prosjektleiar IKT i Grenlandssamarbeidet orienterte om kompetanseutvikling. For å nå måla i "e-kommune 2012" må det til mykje samarbeid. Det er eit godt samarbeid i heile Telemark med bakgrunn i arbeidet med breiband og mobilutbygginga. Dei viktigaste målgruppene for kompetanseutviklinga er politikarane, rådmennene og deira leiargrupper, tilsette i KS Telemark og relevante næringsaktørar. Målsettinga er å etablere kunnskap og forståing for e-kommune 2012. Utvikling av felles møte og presentasjonsmateriell. Dei viktigaste områdene som skal belyst er e-kommune 2012, tenesteutvikling 2015, auke kvaliteten på tenestene, effektivisere interne prosessar, tenesteutvikling for brukarane, tilgjengleggjering og tilrettelegging for alle brukarar, ein inngang til offentlege prosessar/informasjon. Plan for 2009 er å kartlegge statusen i dei einskilte kommunane, gjennomføre seminar i alle kommunane og få til eit generelt kompetanselyft.

*Vedtak: Orienteringa vart teke til vitande.*

#### **Sak 04/2009 WTO. Val av kontaktperson i høve ordførar-initiativet**

Arne Vinje orienterte om saka

*Vedtak: Arne Vinje vert vald som kontaktperson.*

#### **Sak 05/2009 Innspel til møte med Telemarksbenken.**

I saksdokumenta var det sett opp ei liste over dei innspel som var komen til Regionrådsleiaren. I tillegg kom fylgjande framlegg opp i møte:

- Framlegget til ny dyrevelferdslov
- Rammevilkåra for Attføringsverksemdene
- Folketalsutviklinga i Vest-Telemark
- Statlege verkemiddel gjennom Innovasjon Norge – Tilgang på risikokapital og styrking av kredittilgangen i distrikta
- DN sin rapport om forvaltning av utmarksområde. Lokal/sentral forvaltning

*Vedtak: Olav Urbø og Kjell Gunnar Heggnes får fullmakt til å lage eit opplegg for møte som samordnar dei ulike innspela som er komen inn.*

#### **Sak 06/2009 Skjønnsmidlar 2009. Drøftingssak**

Det vart teke opp fleire tiltak som kunne vurderast i samband med bruk av Skjønnsmidlar 2009 utover framlegga som var nemnt i saksutgreiinga. Dette var

- Tiltak i tilknytning til DN sin rapport "På vei til betre miljø"
- Prosjekt knytt til ei betre samordning av dei ulike forvaltningsnivåa innan omsorgen for born

*Vedtak: Den eksisterande arbeidsgruppa held fram og kjem med framlegg til prioritering og søknad til Fylkesmannen.*

#### **Sak 07/2009 Samferdselstiltak i strategisk næringsplan.**

Olav Urbø orienterte innleiingsvis.

Det var semje om å iverksette prosjektet i samsvar med den utsendte skissa. Ynskte å endre på organiseringa av arbeidsgruppene. Ein ynskte berre ei gruppe der og næringslivet var representert.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet gjev sin tilslutning til den framlagte skissa for organisering med den endring at det berre vert oppretta ei arbeidsgruppa og at næringslivet vert representert i denne.*

**Sak 08/2009 Utvikling og samordning av reiseliv for å styrke Vest-Telemark som reisemål. Orientering.**

Karin Kvålseth orienterte om prosjektet og peika på fylgjande:

- Er det trong for eit regionalt samarbeid utover det som er etablert. Er Vest-Telemark eit for lite område og bør ein nytte Telemarkreiser som utgangspunkt?
- Samarbeidsprosessar er vanskeleg, næringa ynskjer samarbeid. Viktig å gje næringa ansvar for utvikling/organisering og ha ein god dialog.
- Oppretta ei styringsgruppe som skal avklare om det er mogleg å få til ein regional overbygning. 2 representantar frå kvar kommune. Avklaring innan 01.04.09.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tok orienteringa til vitande.*

**Sak 09/2009 Orienteringssaker**

Telemarkskyri.

Bjørn Nome orienterte og opplyste at det vart arbeida med eit brev til landbruksmyndighetane med framlegg om virkemiddel og tiltak for å verne om ferasen. Arbeidet med ein stiftelse går vidare

**Sak 10/2009 Ymse**

- Telemarksendinga skal lage program med ordføraren i Nissedal der dei fylgjer ho gjennom ein heil dag (15.01.09).
- Ny avtale om konsesjonskraft i Telemark
- Påminning om Vest-Telemark konferansen i Vrådal torsdag 5. Februar 2009.

Referent. Haldor Kaasin